



Knarvik Bygg AS
Pb 449 Nesttun
5853 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2291 - 14/8237

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.laendre@meland.kommune.no

Dato:
26.05.2014

Godkjenning - opparbeiding av delområde F5 i reguleringsplan for Mjåtveitmarka, felles leikeareal for barn, del av gnr. 22, bnr. 187.

Administrativt vedtak. Saknr: 134/2014

Eigedom: Del av 22/187
Byggjeplass: Mjåtveitmarka
Tiltakshavar: Rygir Tomteutvikling AS
Ansvarleg søkjar: Knarvik Bygg AS
Planstatus: Regulert område – nærmiljøanlegg.

Søknad om: Opparbeiding av felles leikeplass F 5.

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad eller Plan- og bygningslova § 20-1, motteke 13.05.2014. Søknaden gjeld opparbeiding av felles leikeareal/nærmiljøanlegg på del av gnr. 22, bnr. 187, definert som område F5 i reguleringsplanen for Mjåtveitmarka.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen er i reguleringsplan for Mjåtveitmarka avsett til nærmiljøanlegg.

Tiltaket er i tråd med planen.

Nabovarsling:

Tiltaket har vore nabovarsla i tidlegare godkjenningar. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka.

Plassering:

Tiltaket må plasserast som vist på situasjonskart motteke 13.05.2014.

Planløyising og utsjånad.

Tiltaket har forsvarleg planløyising og utsjånad og er i samsvar med Pbl § 29-1.

Administrasjonen har ingen merknad til søknaden.

Godkjenning av ansvarsrettar:

Føretak	Godkjenningsområde
Knarvik Bygg AS Sentral godkjenning Org.nr. 913017265	SØK Tiltakskl. 2 Ansvarleg søkjar
Magne Hope AS Sentral godkjenning Org.nr. 918366016	UTF Tiltakskl. 1 Utførande

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-1 løyve til opparbeiding/ferdigstilling av leikeareal, nærmiljøanlegg i delområde F5 i reguleringsplan for Mjåtveitmarka på gnr. 22 bnr. 187 i samsvar med søknad motteke 13.05.2014.

Det vert vist til vedlagte kart/ teikningar motteke 13.05.2014.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.»

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Rygir Tomteutvikling AS

Mottakere:

Knarvik Bygg AS

Pb 449 Nesttun 5853

BERGEN